

Årsmelding Brandøy Misjons- og konferansesenter AS 2024

Org. nr. 922 268 886.

Brandøy har no avslutta sitt 58. driftsår. Verksemda driv leirstad på Bjoa i Vindafjord kommune.

Leirstaden vart vigsla i august 1966, og har gjennom alle desse åra hatt stor verdi for dei mange tusen som har vore på besøk her. Nokre er innom berre ein gong på ein leir, ei lagssamling, eit bryllaup eller i eit anna høve, medan andre er her fleire gonger i året.

Aktivitet

I 2024 var aktivitetsnivået høgt, med store grupper og mange bookingar. August og september var spesielt gode månadar, med gjester nesten kvar dag. Av arrangement som Indremisjonssamskipnaden eller Brandøy sjølv har hatt ansvar for, har det vore 16 leirar og arrangement. Spesielt kjekt var det at ungdomsleiren på hausten var heilt fullteikna, med venteliste! I 8 andre helger gjennom året var Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar og konfirmantleirar.

Gjennom året har det vore 5 157 overnattingar (mot 2023: 4 919, 2022: 4 316, 2021: 2 364), og 450 personar på dagsbesøk (mot 2023: 597, 2022: 351, 2021: 218).

Høgdepunktet var IMS Sommarfest i midten av juni. Brandøy samarbeida tett med IMS om helga, og me fekk god hjelp av frivillige på førehand, og særleg til gjennomføring av helga. Svært mange har gitt positive tilbakemeldingar på arrangementet. Det har vore inspirerende å få jobba tett med komiteén, tilsette i IMS, Brandøystyret, og meir eller mindre lokale frivillige som saman har lagt ned mykje tid og krefter rundt IMS Sommarfest. Me er takknemlege for å få løfta saman med kvarandre, og for at helga fekk bety mykje for mange. Brandøy har sagt ja til å vera vertskap for IMS Sommarfest også i 2025.

Det er fint å sjå at mange barn reiser på leir òg dette året! Me veit at det trengs langt meir enn ein leirplass for å ha leir. Det trengs til dømes mange nok leiarar, villige foreldre, forsamlingar som prioriterer å ha fokus på leir, givarar til både Brandøy og IMS, forbedarar, sjåførar, - og ikkje minst barn som ynskjer å reise på leir. Og sjølv om rammene rundt leir er etablerte, er det framleis ikkje ei sjølvfølgje at leirane fyllest opp. Takk til alle som er ein del av det store apparatet rundt leirane!

Utstyr/bygningar/uteområdet

I løpet av året har flytebyggene fått ei oppgradering og er sikra mot nye stormar, og uteområdet elles fekk eit lite løft før IMS Sommarfest. I desember brann garasjebygget ved personalbustaden ned, truleg grunna ein elektrisk feil. Forsikringsselskapet jobbar no med gjenoppbygging. Me er takksame for at det berrevar materielle ting som gjekk tapt.



Gåver

Det er gledeleg å sjå at det framleis kjem godt med gåver. Det har vore kjærkome. Totalt er det motteke om lag 1,4 millionar (mot 2023: 892 000,- 2022: 960 000,- 2021: 742 000,-).

I hovudsak kjem gåver frå privatpersonar, offer i kyrkjer, samt minnegåver. Gåver frå lag og foreiningar går framleis ned, men den faste gjevartenesta har auka, noko som gjev oss større forutsigbarhet i arbeidet.

Styret er glade for alle dei gåvene som kjem inn gjennom året. Dette viser ei gjevarglede og eit storsinn som varmar oss som har ansvar for plassen. Utan desse gåvene hadde det ikkje vore mogleg å drive Brandøy.

Personalet

Tilsette har i året vore Andreas C. Våge (20 %) som dagleg leiar. Daria Holowinska (100 %), Annbjørg N. Våge (70 %) og Anita Ivesdal Frafjord (60 % frå april).

I tillegg har me hatt fleire timetilsette som hjelper oss under tilstellingar og med vedlikehald: Celine Berntsen, Hanna Landro, Synne Genberg, Fredrik Pedersen, Oliwia Tomaszewska, Leonora Fauskanger, Signe Hestad og Dag Olav Berge.

Rekneskap

2024 er sjette år Brandøy er organisert som eit sjølvstendig aksjeselskap, 100% eigd av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Rekneskapen syner eit overskot på kr. 451 008,-. Det er investert for kr. 97 879,- og avskrivningar utgjer kr. 452 606,-. Avdrag på lån har vore kr. 382 432,-. Det har såleis vore ein positiv kontantstraum på kr. 423 303,- i 2024. Likviditetssituasjon ha blitt ein god del betre enn dei siste åra, mykje takka vere refinansiering av lån og auka aktivitet. Brandøy har ein eigenkapitalandel på 53,68 % og er eit solid selskap.

Det er til saman motteke 19 752,- i straumstøtte. Me er glade for at ein del av straumkostnadane våre vart kompensert. Samtidig ser me at prisstiginga gir oss ein lågare driftsmargin, då me ikkje kan setje opp prisane våre over natta.

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilete av Brandøy sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret meiner arbeidsmiljøet på Brandøy er tilfredsstillande. Det har vore noko høgare sjukefråvære enn dei siste åra, men fråværet er ikkje arbeidsrelatert.

Brandøy har hatt 4 fast tilsette, der 1 er mann og 3 er kvinner. Styret har ut frå ei vurdering av talet på tilsette ikkje funne det naudsynt å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestillinga.

Ytre miljø

Brandøy forureinar ikkje det ytre miljø.

Disponering av resultat

Verksemda har for 2024 hatt eit overskot på kr 451 008,-, som styret føreslår å legge det til den frie eigenkapitalen.



BRANDØY
Misjons- og konferansesenter

Takk

Brandøystyret vil takka for alle gaver og støtte, all dugnadsinnsats som vert lagt ned, både gjennom dugnadshelger, vaktmeisterteneste og elles gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy. Det har i 2024 vore 4 styremøte og det er handsama 35 saker.

Bjøa, 3.2.25

I styret for Brandøy Misjons- og konferansesenter

Ole Bjarte Fylkesnes
styreleiar

Elisabeth S. Gregersen
nestleiar

Jan Ove Fagerheim
styremedlem

Leiv Karsten Medhaug
styremedlem

Anne Line Granberg
styremedlem

Andreas C. Våge
dagleg leiar